




NYTT UNDER STOREN 3-19

Internavis for Luster kommune



Gode medarbeidar.

Drifta går rimeleg bra, me er aktive med utviklings- og investeringstiltak og utfordringar blir det arbeidd godt med. I kortversjon meiner eg 2019 kan oppsummerast om lag slik som det.

I det daglege vert drift og tenester haldne oppe med gode resultat. De gjer ein flott jobb for å sikra dette.

Det er ikkje kommuneleiinga som skal ha æra for dette, men du som til dagleg møter brukarar og innbyggjarar.

Eg er trygg på at me skal greie dette også vidare framover og utgangspunktet er det beste.

Det er likevel slik at det er mykje å ta tak i både av små og store oppgåver i tida som kjem. Me må vere utålmodige etter å bli betre og om me likar det eller ei så vil me møte endringar framover, digitalisering utviklingsarbeid og organisasjonsutvikling er kvardagsord som vil møta mange av oss og utfordra oss.

Eg håpar me vil ta tak i desse utfordringane konstruktivt og vere opne for å drøfte om det er dags for andre opplegg og løysingar i ein del høve.

Men først er det jul og nokre rolege dagar for dei fleste.

Eg takkar for god innsats i 2019 og ynskjer deg og dine ei retteleg god jul og godt nyttår.



Jarle Skarsten
Rådmann

Budsjettet for 2020.

Ei god drift i kommunen er avhengig av at me har kontroll over økonomien. Balanse i budsjettet og resultat/rekneskap gjerne litt betre enn budsjett er ynskjeleg og viktig.

Me har vore ganske spente på årets budsjettarbeid grunna usikre rammebetingelsar. Me må og innrømme at hadde ikkje prognosane om gode «kraftinntekter» vore på plass så hadde me hatt eit mer krevjande arbeid enn det har vore.

Kommuneopplegget i statsbudsjettet denne hausten er ei mindre innstramming i økonomien som vert forsterka av ein liten nedgang i folketallet. For å oppretthalde noverande drift og investeringane har me derfor behov for eit oppsving i eigedomsskatt og andre kraftinntekter. Våre beste vurderingar syner at me vil få ei slik styrking.

I budsjettframlegget er målsetjinga å oppretthalde noverande driftsnivå. Det er få og små endringar frå 2019 budsjettet. Luster kommune, isolert sett, vert ikkje påverka av region- og kommunereform. Likevel, forvaltningsarbeid vert påverka av ny fylkesmannseining og Vestland fylkeskommune og me skal få nytt kommunenummer. Fleire av samarbeida, både i fylke og i regionen, vil få høgare kostnader for Luster kommune av ulike grunnar. For fleire av desse manglar det avklaringar, endeleg budsjettfordeling, og 2020 vert eit overgangsår der det er føresett at nye avtalar er på plass frå 2021.

Me vidarefører og eit aktivt utviklingsarbeid. I kommunesektoren vert det satsa på digitalisering på alle område og den utviklinga må kommunen vere med på. Digital resepsjon, nytt telefonsystem, digitale søknadsskjema, digitalt arkiv, velferdsteknologi er sentrale stikkord inn i 2020. Stortingsmeldinga Leve heile livet er sentral innan omsorg og fagfornyng står i fokus innan grunnskule.

Tiltak for å rekruttere og halde på medarbeidarar vert eit viktig arbeid og me er forplikta til å gå nærare inn i miljø- og klimautfordringane.

I investeringsprogrammet er dei vanlege rammeløyingane vidareført. Fullføring av renovering Lustrahallen i Gaupne, renovering Fjordstova og spesielt utbygging av Grandmo busenter er dei tiltaka som set det høge nivået på investeringane til nærare 80 million kroner i 2020.

God Jul og
Godt nyttår!



PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette), perioden 01.06.2019 - 31.12.2019

Velkomen!

Gaupne barnehage

Siv Oddny Monsen – barnehagelærer
Jorunn Anita Aasen – fast vikar/ fagarbeidar
Therese Berkvam Hatlevoll – barnehagelærer

Solvorn oppvekstsenter

Heidrun Skjeldestad – assistent

Indre Hafslo oppvekstsenter

Vegard Volle – rektor/styrar

Teknisk drift

Rune Fortun – fagarbeidar/driftsoperatør

Landbruk og naturforvaltning

Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Planavdelinga:

Knut Vidar Svanheld – fagleiar plan og utvikling

Biblioteket

Evelyn Katrin Hilleren Nes – bibliotekmedarbeidar

Gaupne omsorgssenter

Connie Sørbo Merkesdal – sjukepleiar
Linn Christina Leirdal – sjukepleiar

Hafslo omsorgssenter

Rita Bergum Hansen – vernepleiar
Milicia Milenkovic – helsefagarbeidar

Luster omsorgssenter

Ann Julie Bringe – helsefagarbeidar

Helsesenteret

Marit Thune Uglane – lege
Lars Håkon Solibakke Mo – lege

NAV Luster

Trine Anita Systad – rådgjevar
Anne Lene Eggum - leiar

Helseundersøkingar

I samarbeid med Stamina er det gjennomført helseundersøking av nattevakter i Luster kommune. Arbeidsmiljøutvalet er informert om undersøkinga og resultatet av den.

Leiar i omsorg og kommunalsjef har fått rapport frå undersøkinga og vurdert resultatata. Dei vil informere vidare og vurdere eventuelle tiltak.

Medarbeidarundersøkinga 2019

Leiarane skal no ha gått gjennom og diskutert resultatata med sine tilsette og det skal vere formulert tiltak på alle einingar.

Manglar dette der du jobbar? Då kan du spørje om det!

Takk for innsatsen!

Gaupne omsorgssenter

Liv Torheim Øvrebø – sjukepleiar
Aprad Kun – heimehjelp
Randi Søvde - hjelpepleiar

Luster omsorgssenter

Ingrid Marie Skagen – hjelpepleiar
Sonja Kristine Bjørnevåg - vernepleiar
Nina Kristine Holen - sjukepleiar

Hafslo omsorgssenter

Mai Grete Brugrand – helsefagarbeidar
Torunn Johanne Kjos Kvam - assistent
Anja Bergheim Øygard – vernepleiar
Gerd R Høyum - hjelpepleiar

Grandmo

Bjørn Orrestad - assistent
Bente Haugen Yttri – miljøterapeut
Sølviann Menes - assistent

Helsesenteret

Anne Helen Strandabø – leiande helsesyster

Solvorn oppvekstsenter

Sigrunn Irene Haugen – assistent

Gamlestova barnehage

Kari Beheim Karlsen - barnehagelærer

Hafslo barnehage

Åse Berit Bondevik – barnehagelærer

Hafslo barne og ungdomsskule

Gerd Holen Lomheim – lærar
Ingrun Margrete Sjøhoel – lærar
Cathrine Teigen Volle – undervisningsinspektør
Leon Lunde – lærar
Else Karin Øvrebø - assistent

Indre Hafslo oppvekstsenter

Inger Marie Evjestad - rektor

Gaupne Barnehage

Marianne Brogeland -assistent
Sissel Sørheim - barnehagelærer

Plan

Øyvind Mo Hiller – ingeniør oppmåling

Teknisk drift

Alfred Andersen – fagarbeidar

NAV

Michael Løffler – rådgjevar
Hanne Hougaard Bisgaard - leiar




Vegard Volle – ny styrar og rektor

I september starta Vegard Volle som styrar og rektor ved Indre Hafslo oppvekstsenter. Han har lang erfaring som lærar frå Høyanger i tillegg til erfaring som pedagogisk leiar i barnehage og som journalist.

KOMPETANSE / REKRUTTERING

KVALITETSARBEID

ORGANISASJONSUTVIKLING



Heiltidskultur.

Luster kommune sine retningslinjer for arbeid for fremjing av heiltidskultur finn du på LKK.

I retningslinjene står det at me årleg skal kartlegge kor mange fast tilsette i deltidstilling det er som ynskjer auka stilling. Kartlegginga for 2019 vart gjennomført i oktober.

34 fast deltidstilsette registrerte seg med ynskje om auka stilling hausten 2019. Ca halvparten av dei registrerte ynskjer full stilling. Det er flest registrerte i omsorgstenesta, men og tilsette i oppvekst og andre tenester som ynskjer auka stilling.

Leiarane og rådmann tek registreringane med seg i samband med tilsetjingar.

Me ser at fleire registrerte får auka stillingane sine i samband med ny årsturnus.

Dei som ynskjer auka stilling må søkje på utlyste stillingar på vanleg måte.

Heiltidskultur i omsorgstenesta – partsamansett arbeidsgruppe

I møte 02.05.19 sette Administrasjonsutvalet ned ei partsamansett arbeidsgruppe for å lage eit betre system for å sikre heile stillingar og betre arbeidstidsorganiseringa i omsorgstenesta, betre rekrutteringa og gje dei tilsette meir føreseielege og betre arbeidsvilkår.

Grappa er samansett slik:

- Kari Olseng Paulsen, leiar omsorg - leiar for arbeidsgruppa
- Grete Ulviksbakken, Hovudtillitsvalt for Fagforbundet
- Elisabeth Nygård, Hovudtillitsvalt for sjukepleiarforbundet
- Marit Aakre Tennø, politisk representant
- Elin Hauge, politisk representant
- Margrete Sørhoel Røneid, fagleiar Hafslo omsorgssenter

Dei starta arbeidet 20 juni og har hatt seks møter. Grappa har gått gjennom kartlegginga av uønska deltid og henta inn oversikt over frivillig deltid i omsorgstenesta. Det er og henta inn informasjon frå andre kommunar som jobbar for heiltidskultur.

Grappa har hatt møter på dei einskilde einingane der leiarane og dei plasstillitsvalde har vore invitert til å gi innspel og kome med framlegg til tiltak. Einingane har ulike utfordringar, men alle einingane har vanskar med å rekruttere nok helsefagarbeidarar og sjukepleiarar.

Grappa ser at kommunen har sett i verk fleire tiltak for sikre dei tilsette større stillingar. Nye arbeidstidsordningar vert innført i einskilde einingar frå februar 2020. Den største utfordringa i omsorgstenesta er korleis ein løyser rekrutteringa i helsesektoren i dag og tida framover.

Grappa vil kome med ein rapport våren 2020.

Bedriftstrening for tilsette i Luster kommune - ta med deg ein kollega!

Hausten 2019 har det vore tilbod om bedriftstrening tysdagar eller torsdagar på Luster trening i Gaupne og torsdagar på YT Ekstra/ Lustraporten, Hafslo.

Det har vore god deltaking på treningane, men det er plass til fleire! Du som deltek kan kanskje ta med deg ein kollega neste gong du reiser på trening?

Treningane blir vidareført med same innhald, til same tidspunkta og same stadane etter nyttår – med start i veke 2 og trening til og med veke 14:

YT Ekstra/Lustraporten – torsdagar klokka 17.00 – 18.15.

Kommunen har 14 plassar.

Luster trening, Gaupne – tysdagar klokka 16.00 - 17.15 og torsdagar klokka 16.30 – 17.45

Tysdagar har kommunen 14 plassar, Luster sparebank har resten av plassane.

Torsdagar har kommunen 22 plassar.

Det er ei trening pr. tilsett i veka. Har du alt vore på ei bedriftstrening, men ser at det er ledige timar ein time før treninga startar –så kan du melde deg på/delta på fleire treningar.


Hugs å melde deg av att om du likevel ikkje kan delta – så kan andre få nytte plassen.

Influensavaksine, fleire tok ansvar!



Også i år fekk tilsette i Luster kommune tilbod om gratis influensavaksine. Auken i tal tilsette som tek i mot tilbodet held fram også i år. 158 tilsette hadde vaksinert seg ved utgangen av november.

Det er særleg viktig at tilsette i omsorgs og helsetenestene vaksinert seg. Ca 100 tilsette i omsorg og helsetenestene vaksinerte seg i år. Me håpar på enno større deltaking neste år! Vaksininga er viktig for den enkelte tilsette si helse, for tenestene me skal yte til innbyggjarane og for å redusere smitte og omfang av influensa.



Nytt ansikt på Sørvistorget!

I midten av august i år ynskte me velkommen ny lærling i kontor og administrasjonsfaget, Amalie Forthun Grøthe. Ho er kommen godt i gong med opplæringa i Servicetorget. Læretida hennar er på to år, og i løpet av den tida skal ho også innom personal og økonomi avdelinga. Me ynskjer henne lykke til.

IA-avtalen og samarbeid med Arbeidslivssenteret.

Alle bedrifter og arbeidsplassar er no omfatta av den nye nasjonale IA-avtalen. Det finst ikkje lenger eigne lokale IA-avtalar.

Innhald og arbeidsmåtar i den nye IA-avtalen vart ikkje klar før i haust. Hovudfokus i den nye IA-avtalen er reduksjon av sjukefråvær og arbeid mot einingar med stort sjukefråvær og potensiale for reduksjon av sjukefråvær. IA-avtalen fokuserar difor og på arbeidsmiljø då dette kan ha samanheng med sjukefråværet. Barnehagar og sjukeheimar er særskilt nemnt i avtalen.

NAV Arbeidslivssenteret og NAV Luster er våre samarbeidspartar. Per Kinden er vår nye kontaktperson på Arbeidslivssenteret.

Vernerundar, dokumentasjon av vernerundar og tiltak 2019

Rådmann føreset at det no er gjennomført vernerundar på alle einingar. Rådmann ser at dokumentasjon i LKK av gjennomført vernerunde og tiltak manglar for ein del einingar.

Det vart i november sendt ut påminning om dette, men framleis manglar det dokumentasjon frå fleire einingar. Det vil bli sendt ut ny påminning med tidsfrist.

Det er leiarane sitt ansvar at dokumentasjon blir lagt til LKK, men verneomboda bør spørje om det er gjort og delta i oppfølging av tiltaka.

Årshjulstiltak 2019



Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
- Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
- Leiardialogen
- Kvartalsrapport 1
- Medarbeidarsamtalar
- Brukarundersøking barnehage
- Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
- Brukarundersøking skule
- Vernerunde
- Halvårsrapport
- Introduksjonsseminar
- Val 2019
- Kvartalsrapport 2
- Budsjett, planprogram, økonomiplan

Komande tiltak:

- Rekneskap (des)
- Årsrapport (2019)

Lærlingar:

Marita Gjerde tok fagprøve i barne og ungdomsarbeidarfaget i juni 2019.

Simen Weka tok fagprøve i dataelektrokkikkarfaget i desember 2019.

Me gratulerar dei to og Luster med to ny fagarbeidarar!

Julegåve 2019

Tradisjonen tru vart det også i år gitt ei julegåve til ein organisasjon/tiltak – i staden for gåve til tilsette.

Luster kommune si julegåve på 25.000 går i 2019 til Luster Frivilligsentral og deira tiltak «Juleglede».

«Juleglede» er eit lokalt tiltak der Frivilligsentralen samarbeidar med andre lokale lag og organisasjonar, Helsestasjonen, NAV, Sogn Barnevern og Kyrkjeleg fellesråd. Målsetjinga er å gjere ein skilnad for familiar som opplever julehøgtida som vanskeleg.



Sjukefråvær i Luster kommune

